



DRØMMEHAGEN BARNEHAGE AS
Fløhaugane 61
5918 FREKHAUG

Dato: 15.10.2018
Vår ref.: 2017/16388-11
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Varsel til grunneigar om arkeologisk registrering med gravemaskin - områderegulering for Dalstø-Mjåteitstø - Meland kommune


Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatorene viser til oppstart av områdeplan for Dalstø-Mjåteitstø i Meland kommune, datert 16.10.2017. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering i planområdet, jf. § 9 i kulturminnelova. Arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatorene i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i det planområdet. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre arkeologiske undersøkingar med gravemaskin på delar av gnr. 22, bnr. 2 (sjå kart under) i veke 43. På andre delar av eigedommen vert undersøkingar utført ved søk etter synlege kulturminne og prøvestikking med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Registreringa vert utført med maskinell flateavdekking i søkesjakter på om lag 3 meter breidd. Lengd, djupn og avstand mellom sjaktene kan variere avhengig av lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn. Lengd på sjaktene kan variere frå om lag 10 meter eller mindre og opptil 50-60 meter eller meir. Avstand mellom sjaktene varierer vanlegvis mellom 8 og 15 meter. Djupn på dei einskilde sjaktene er avhengig av kor mykke masse som må fjernast for å kome ned til steril undergrunn.

All jordmasse skal førast tilbake i sjaktene etter at naudsynt dokumentasjon er utført. Så langt det er praktisk mogeleg vert attfylling utført fortløpende, der djupe sjakter vert prioritert. Matjord som er fjerna i sjaktene vert ført tilbake, men areal som er grave opp vert ikkje sådd på nytt. Tiltakshavar, Furefjellet AS, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følge av undersøkingane.

Dersom areal vert pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som vert råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil ein innhente opplysningar om nedgravne anlegg i dei aktuelle areala frå eigitarar av slike. Dersom du har kjennskap til nedgravne kablar, røyr og grøfter på din eigendom ber vi deg om å ta kontakt med oss, slik at vi kan legge undersøkingane utanom desse.



Ved spørsmål eller merknader til ovanfor nemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ sakshandsamar Sigrun Wølstad, tlf. 99 23 37 71, Sigrun.Wolstad@hfk.no eller fagkoordinator for arkeologisk feltarbeid Monika Serafinska, tlf. 48 99 12 97, Monika.Serafinska@hfk.no.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

FUREFJELLET AS
MELAND KOMMUNE